

Referat frå grunneigarmøte om felles flytebryggje i Gyltevågen 30.4.2014

Til stades frå: Bruk 1: Geir Atle Hindenes, bruk 2: Jan Ove Hindenes, Bruk 3: Evy Askeland og Tore Askeland, bruk 4: Espen Lund, bruk 5: Oddleiv Hindenes, bruk 6: Ingvard Jordal, bruk 7: Berit og Egil Nøttveit.

Me starta med ein gjennomgang av det som hadde skjedd i saka siste året. Egil hadde som avtalt kontakta kommunen for å spørja om detaljar i samband med søknad og gjennomføring av prosjektet. Då kom det opp at det i arealplanen låg inne ei avgrensing på 10x15m. Sidan bryggja me ønskte å leggja ut var større, blei det eit problem. Det blei sagt frå kommunen at då måtte me søkja om dispensasjon, samt laga reguleringsplan. Kostnadene med det ville bli stor og det var ikkje sikkert me ville få lov til å utvide heller.

Etter det fekk Geir Atle til eit møte med byggjesaksavdelinga i kommunen. I det møtet blei det sagt frå kommunen si side at dei forsto problemet og ville sjå positivt på ein søknad om dispensasjon frå arealplanen for ei slik utviding me tenkte. Dette har dei bekrefte i ein e-post til Geir Atle. Ut frå det fortsår me det no slik at me må senda ein ordinær søknad samt ein dispensasjonssøknad. Dei vil bli positivt behandla i kommunen og det vil ikkje bli kravd reguleringsplan for tiltaket. På forespørsel har Havnevesenet utalt seg positivt under føresetnad av at kommunen seier ja.

Me gjekk så gjennom kostnadene og kom fram til at me framleis ville kunne liggja innanfor kostnadsramma på 350.000,- totalt, som me tidlegare hadde sagt var taket. På forespørsel om prisen stod ved lag, valde Gårdbrukarservice å justere den opp. Dei hadde varsla i haust at det blei prisstigning.

Utgangspunktet for tilboda er ganske likt. Når me samanlikna dei sist var det tilnærma like materialval og omtrent lik oppdrift i bryggjene og utliggjarane. Det er derfor reelt å samanlikna prisen på bryggjene direkte. Eg har trekt prisen på tau ut av totalprisen frå Gårdbukarservice, sidan Geir Atle ikkje hadde det med i sitt tilbod. Prisen på montering av anlegget er heller ikkje med men det står i tilbodet. Tilbodet ligg ved så alle kan sjå det. I oppstillinga under er det rekna med MVA der det skal vere. Gebyr til kommunen er friteke for MVA. Summane er runda litt av. Overslaget for stien er det mest usikre, det avheng av kva me gjer ut av den. Kommunen si prisliste på gebyr var vanskelig å finne ut av, men det er nokolunde i gata.

	Gårbrukarservice	Geir Atle
Komplett bryggje	273.000,-	212.000,-
Straum på bryggja	25.000,-	25.000,-
Sti fram til bryggja	20.000,-	20.000,-
Gebyr søknader	23.000,-	23.000,-
Sum	341.000,-	280.000,-

Ut frå dette valte me å gå for Geir Atle sitt tilbod. I tillegg kjem då Tau, transport av det Geir Atle manglar og utlegging.

Geir Atle sender sin pris samt e-post frå kommunen til alle på e-post.

Me ønskjer ikkje å bestilla bryggja før me har fått løyve hjå kommunen. Geir Atle informerer sin leverandør at me ønskjer deira bryggje og bestiller så snart me har fått positivt svar hjå kommunen. Me håpar då at dei kan halda prisen nokre månader.

Geir Atle og Ingvard sender søknad snarast.

Me var ikkje inne på det i sjølve møte, men så snart me leverer inn søknaden vil det komma rekning på gebyr. Eg foreslår derfor at me no i første omgang betaler inn kr 3.500,- til Geir Atle. Det dekker gebyra til det offentlige ut frå det me trur no. Så får me i fellesskap finna ei løysing på korleis me ordnar det når det blir større summar involvert. Alle må ta vare på kvitering for innbetalt beløp. Geir Atle må senda kontonummer samtidig med dei andre opplysningane. Dette under føresetnad av at det er greitt for alle. Eg har ikkje drøfta det med nokon. Eg ber derfor om at alle sender ei tilbakemelding til alle på kva dei meiner om forslaget mitt.

Referent Ingvard Jordal